

Fra misjonærens synspunkt:

Internasjonal forskning om kvinner som leiarar i kyrkja

GUNVOR LANDE

I dei seinare tiåra er det i kyrkje etter kyrkje rundt om i verda opna for kvinner som leiarar. Det kan gjelde spørsmålet om kvinnelege prestar så vel som kvinner som leke leiarar i kyrkjer og kyrkjeorganisasjonar.

I Noreg var Metodistkyrkja først ute med å opne for kvinner som prestar, men Den norske kyrkja har i lang tid no hatt kvinnelege prestar, og dei finst på alle nivå i kyrkja. Kyrkja har også fått leke kvinner i leiande posisjonar både i sentralkyrkjelege organ og på bispedømeplan.

Den norske kyrkjesituasjonen er spesiell fordi den har så mange sjølvstendige organisasjonar innan kyrkja, og desse kan ha sin eigen teologi og sin eigen strategi både for kvinner som prestar og for leke kvinner som leiarar i organisasjonen. Fleire av desse organisasjonane har opna for kvinner som prestar, om enn ikkje alle, og leke kvinner som leiarar er det også gjeve rom for. Kvar gong blir det ny debatt, ofte med dei same argumenta.

Ein legg likevel merke til at det både i kyrkjestructur og organisasjonsstruktur tykkjest vera slik at kvinner ofte finst i nr. 2-leiarposisjonane, på alle nivå, både i sentralorganet i kyrkje eller organisasjon, på bispedømeplan eller krinsplan. Då kan det merkeleg nok bli slik at den mannlege leiaren på regionalplanet har ei kvinne i sentralleinga over seg, og har sjølv ei kvinne som nr. 2-leiar i regionen. Det kan også tykkjast som ei kvinne oftare kan bli den valde leiaren enn den tilsette leiaren, både sentralt og regionalt. Tendensen er såleis at kvinner får nr. 2-leiaroppgåver.

Det trengst forskning for å kartlegge og klargjera dette mønsteret. Det trengst både ei deskriptiv utgreiing om stoda og ei klargjering av kvifor det er slik. Samlande kan ein seie om den norske situasjonen at mangt er endra, men teologisk og organisatorisk blir spørsmålet om kvinner som leiurar framleis drøfta, og avklaring trengst framleis fleire stader.

Internasjonalt og økumenisk finst det etter kvart ein del forskning som tek opp spørsmåla om kvinner som leiurar i kyrkje og religiøse samfunn. Ei av dei som har kome med slike bidrag er Mary Farrell Bednarowski. Hennar forskning har i sin tur inspirert til forskingsprosjekt og resultert i bøker om kvinneleg leiarskap i kyrkja. Vonaleg kan hennar funn også inspirere til kartlegging, klargjering og nytenking i ein norsk situasjonen. Her vil eg kort presentere hennar forskning og funn.

Tidleg på 1980-talet publiserte Bednarowski ein liten artikkel.¹ Det er i denne artikkelen ho tek fram det som er blitt til inspirasjon for andre når det gjeld studiet av kvinner som leiurar. Artikkelen ho skreiv bygde på doktorgradsarbeidet hennar som då nettopp var avslutta. Ho gjorde der ein studie av nokre minoritetskyrkjer og religiøse samfunn på 1800-talet. I artikkelen tek ho fram noko ho i dr. arbeidet hadde undra seg over, men som der ikkje var noka hovudsak. Ho fann nemleg at så tidleg som på 1800-talet var det nokre av kyrkjene og samfunna som hadde kvinner som leiurar, medan andre som forventa ikkje hadde det. Korleis kunne det henge saman? Kunne det finnast samlande drag som kunne forklare kvifor nokre av dei hadde kvinner som leiurar?

Ho fann at det svaret kyrkjene gav på følgjande fire spørsmål sette skilje mellom dei som hadde kvinner som leiurar og dei som ikkje hadde det:

1. Korleis er gudsbegrepet, er det maskulint?
2. Korleis er synet på syndefallet, gjev det eit negativt syn på kvinna?
3. Korleis er synet på ordinert presteskap, er det den einaste modellen for leiarskap som finst?
4. Korleis er synet på ekteskap og morsrolle, er det uttrykk for alt ei kvinne treng, for "fulfillment" i livet?

1. Gudsbegrepet

Ho fann altså at dersom Gud i vedkomande kyrkjesamfunn vart framstilt og omtala som mann, dersom det vart brukt antropomorfe bilete som berre var maskuline, dersom det ikkje var rom for å

omtale Gud i bilete som kunne brukast om mor eller i alle fall om begge kjønn - då var det eit hinder for kvinner som leiargar i den kyrkja.

Derimot, i dei kyrkjer der det fanst kvinner som leiargar, der fanst det rom for å tale om Gud i antropomorfe bilete som også inkluderte det kvinnelege. I dei kyrkjene der dei kunne skilje mellom Gud og Gud Fader, der var det rom for kvinner som leiargar.

Den måten gudsbegrepet blir oppfatta på skaper såleis føresetnader som avgjer om leiarskapen også opnar for kvinneleg leiarskap. I artikkelen nyttar ho fleire ulike uttrykk for å få fram dette avgjerande skiljet i føresetnader:

The character of the divine; a perception of the divine that deemphasizes the masculine; a perception of the divine that deemphasizes the masculine either by means of a bisexual divinity or an impersonal, non-anthropomorphic divine principle; a non-male deity; to see the divine as other than masculine; a God pictured in wholly masculine images is not conducive to an understanding of the feminine as participating in the divine.

2. Syndefallet

Bednarowski fann også at forholdet og tolkinga av syndefallet var avgjerande. I dei kyrkjer der det fanst kvinner som leiargar var anten syndefallsforteljinga nedtona, fråverande eller tolka slik at det ikkje var kvinna åleine som fekk bera skulda for menneskeslektas synd, død og skuld.

I dei kyrkjer der det ikkje fanst kvinner som leiargar, der vart det nettopp understreka at det var kvinna som eggja mannen til å eta den forbodne frukta, og ho som derfor stod eineansvarleg eller i alle fall hovudansvarleg for syndefallet. I desse kyrkjene vart derfor hierarkiet meir framtrudande.

I artikkelen nyttar Bednarowski følgjande uttrykk for å få fram det skiljet som tolkinga av syndefallet set mellom kvinneleg og mannleg leiarskap:

Human nature; a tempering or denial of the Fall; a denial of human depravity: to interpret human nature in a highly optimistic manner; a doctrine of human nature as deprived through the Fall seems to be even more detrimental to women than to men.

3. Ordinert presteskap og leiarskap

For det tredje fann Bednarowski at dei tankar og den praksis ei kyrkje hadde om det ordinerte presteskapet og forholdet mellom dette presteskapet og leiarskapen i kyrkja, var avgjerande. Spørsmålet var om leiarskap alltid måtte vera knytt til eit ordinert presteskap. Dette spørsmålet sette også skilje. I dei kyrkjene der kvinner var leiarar, var det vanleg å meine at ordinasjonen i seg sjølv ikkje var så viktig. Dermed vart det rom for lekfolket til leiaroppgåver, og dermed også rom for kvinner som leiarar.

Når kyrkja la stor vekt på ordinasjonen, var det også gjerne slik at det mannlige presteskapet ikkje gjerne ville opne ordinasjonen for kvinnene, men verna om ordinasjonen som ei ordning tilgjengeleg for menn åleine.

I dei problemstillingane Bednarowski her utkrystalliserar, kan ein ane at kvinner som ordinerte prestar nok var uvanleg på 1800-talet. Kvinner som ordinerte prestar tykkjest ikkje vera så aktuelt eit alternativ som det er i dag. Ho uttrykker synet på ordinasjonen som set skilje mellom kvinneleg og mannleg leiarskap slik:

The function of the clergy; a denial of the need for a traditional ordained clergy; a de-emphasis on an ordained clergy which approached the anticlerical in many cases; to dismiss the need for an ordained male clergy; that an ordained male clergy is not likely to open up its ranks willingly to women.

4. Ekteskap og morsrolle

Sist, men ikkje minst, fann Bednarowski at husmorideologien sette skilje. Det var avgjerande kva syn kyrkja hadde på ekteskap og morsrolle. I kyrkjer der kvinners kall og høgste oppgåve i livet vart sett som det å vera mor og ta seg av familien, fanst det ikkje rom for alternative oppgåver eller tilleggsoppgåver. Ekteskap og morsrolle var det einaste ei kvinne skulle vie seg til. I desse kyrkjene vart det derfor ikkje rom for kvinner som leiarar.

Men der ein såg at kvinner kunne leva livet med alternative målsetjingar eller ha andre mål i livet ved sida av mors- og ektefellerolla, der gavst det rom for kvinner som leiarar.

Når ho drøfter desse føresetnadene som her opnar eller stenger for kvinners leiarskap, nyttar Bednarowski følgjande uttrykk:

The nature of the marriage; a view of marriage which does not hold that marriage and motherhood are the only acceptable roles for

women; a view of marriage that did not stress the married state and motherhood as the proper sphere for women and her only means of fulfillment; a non-traditional interpretation of marriage; to view marriage as a less than desirable state, particularly for women; that marriage interpreted in the traditional Christian sense will confine women to a particular sphere of influence which does not include positions of religious leadership.

Forsking til inspirasjon

Mary Farrel Bednarowski kom fram til desse fire føresetnadene for kvinneleg leiarskap då ho undersøkte nokre kyrkjer og religiøse samfunn på 1800-talet. Ho fann då at når Gud berre blir teikna i maskuline bilete, hindrar det ei forståing av at det kvinnelege har del i guddomen; når mennesket på grunn av syndefallet blir sett som korrumpert og forringa, tykkjast det vera meir skadeleg for kvinner enn for menn; eit mannleg ordinert presteskap vil ikkje friviljug opne opp for kvinner i sine rekker; den tradisjonelle kristne tolkinga av ekteskapet avgrensar dei muligheiter kvinner har til å gjera seg gjeldande utanfor heimen, og det å bli religiøse leiarar høyrer ikkje til desse muligheitene.

Bednarowski fann ein skilnad mellom det ho kalla mainstream religious groups og marginal religious movements når det gjeld føresetnader for kvinneleg leiarskap. Dei større kyrkjesamfunna har oppfatningar som gjev negative føresetnader for kvinneleg leiarskap, dei marginale samfunna har oppfatningar som gjev positive føresetnader. Ho finn at dei marginale samfunna nettopp har kvinner som leiarar, og finn at desse samfunna har ei oppfatning av det guddommelege som dempar det maskuline, at syndefallslæra er svekka eller fråverande, at dei ikkje ser behovet for eit tradisjonelt, ordinert presteskap, og at ekteskap og det å vera mor ikkje er dei einaste aksepterte rollene for kvinner i desse samfunna.

Bednarowskis forsking vekte oppsikt. Hennar teori om dei fire føresetnadene for kvinneleg leiarskap inspirerte andre til forsking i og med at ho gav ein framgangsmåte for å gjera undersøkingar om emnet. Teorien kunne nyttast til å finne avgjerande og viktige føresetnader for kvinneleg leiarskap i kyrkjer, samfunn og organisasjonar i dag. Her nemner eg to av dei bøkene forskingsprosjekta har resultert i.² I 1993 kom boka om kvinneleg leiarskap i dei marginale samfunna, og i 1996 om kvinneleg leiarskap i dei større kyrkjesamfunna. Catherine Wessinger er redaktør for begge bøkene. Eg finn

t.d. at artikkelen til Gracia Grindal i 1996-boka om den lutherske kyrkja i USA er serleg interessant.

For å forstå den status kvinner har i ein viss religiøs tradisjon, er det avgjerande kva for syn den religiøse tradisjonen har på gudsbegrepet, syndefallet og eigentleg på menneskesynet, presteskapets funksjon og på ekteskap og morsrolle. Det kan avgjera om det blir rom for kvinner i kyrkjas eller organisasjonens leiarskap. Dette er Bednarowskis funn. Det viser seg at hennar funn kan bli til inspirasjon når andre vil reflektere over føresetnadene for kvinneleg leiarskap i sin eigen samanheng.

Noter

¹ Bednarowski, Mary Farrell, 1980, "Outside the Mainstream: Women's Religion and Women Religious Leaders in Nineteenth-Century America", i *Journal of the American Academy of Religion*, XLVIII/2, s. 207- 231. Når ingenting anna er nemnt er sitata henta frå denne tilviste artikkelen.

Wessinger, Catherine, (red), 1993, *Women's Leadership in Marginal Religions. Explorations outside the Mainstream*, University of Illinois, Urbana/Chicago.

Wessinger, Catherine, (red), 1996, *Religious Institutions and Women's Leadership, New Roles Inside the Mainstream*, University of South Carolina, Colombia.

Gunvor Lande, f. 1937, Cand theol. Mf 1963, Dr theol Lund 2002 på avhandlinga: *Visjonen om likeverdet. Det økumeniske tiåret 1988-1998 Kyrkjer i solidaritet med kvinner i El Salvador og Noreg, Kenya og Japan*, Lund, Arcus. Førsteamanuensis ved Institutt for teologi og filosofi, Høgskolen i Agder, Kristiansand. Yrkesbakgrunn frå Japan og England, frå Noreg: IKO og Mellomkyrkjeleg Råd.

International research on women as church leaders

In order to understand fully the status of women in a particular religious tradition, it is helpful to consider the views held within that tradition on four topics: the character of the divine, human nature, the function of the clergy, and the nature of marriage. Mary Farrell Bednarowski found in her research that the assumptions held by mainstream religious groups on these topics appear to be linked to the absence of female leadership, while marginal religious movements have taken positions which seem to have a positive relation to leadership roles for women. These marginal groups are characterized by (1) a perception of the divine that deemphasizes the masculine, (2) a tempering or denial of the doctrine of the Fall, (3) a denial of the need for a traditional ordained clergy, and (4) a view of marriage which does not hold that marriage and motherhood are the only acceptable roles for women. Bednarowskis research has inspired further research in the USA, and may be an inspiration also in a Norwegian context.